**Referat frå prosjektmøte nr. 1 i 2024**

DATO/TID: 18.01.2024 kl 09:30-11:30
MØTE NR: 1/2024
STAD: Volda omsorgssenter 4. etg.
INNKALLA: Berit Lyngstad (prosjekteigar), Nina Kvalen (prosjektleiar), Astrid Dimmen (helse og omsorg), Anita Gaarder (barnehage), Håvard Strand (skule) Wenche Skjærvik (reinhald), Lena Sætre (HTV Sykepleierforbundet) Sonja Hovden (HVO), Cathrin Fremmerlid (HTV Utdanningsforbundet), Ingunn Svendsen (HTV Fagforbundet)
FRÅFALL:
MØTELEIAR: Berit Lyngstad
REFERENT: Nina Kvalen

| Sak nr | SAK/KONKLUSJON | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 1/24 | **Velferdsteknologi v/Karianne Sveen Orvik**<br><br>**Mål**: Tryggare og enklare kvardag for brukarar, pårørande og tilsette<br>• Teknologi vi nyttar som verktøy i helsetenesta på ulike måte<br>• Skal bidra til tryggleik og meistring<br>• Også arbeidsreiskap for dei tilsette; gi gode og tilpassa tenester<br>• Velferdsteknologi er ikkje ei teneste, må knytte til eit eksisterande tiltak<br>• Lågterskeltilbod<br><br>**Tryggleiksalarm**, først analog, no digitalt<br>• Brukaren skal vere trygg, bu heime, meistre kvardagen, har moglegheit til å ta kontakt, tryggleik for helsetenesta<br>• 160 alarmer i bruk, kapasitet til å ta imot fleire<br>• Alarmen krev ein aktiv handling frå brukaren<br>• Heimetenesta har ein app på telefonen sin som får varsling, kan snakke med brukaren, avklare om det er eit akutt-tilfelle<br>• Døralarm, kan kople til brannalarm<br>• Mest brukte og kjende hjelpemiddelet vi har<br>• Må søke forvaltningskontoret, får vedtak<br><br>**GPS– lokaliseringsteknologi**, armband (klokke) fungerer som ein GPS<br>• Kan opprette samtale, berre å trykke på knappen<br>• Kan gå inn på appen, sjå kvar brukaren er<br>• Kan ringe opp klokka<br>• Alarmane ofte sett opp som lydlause<br>• Kan nyttast av folk som bur heime, på omsorgssenteret, vil gå ut, demente mv.<br>• Spore opp folk, tryggleik, halde fram med å gå tur<br>• Kommunen tilbyr utlån, ofte i samarbeid med pårørande<br>• Samtykkebasert. Ikkje pålagt å ha vedtak om denne.<br><br>**Geofans – digitale gjerder**, alarm når brukaren går utanfor sirkelen/området, vert sett opp for kvar einskild brukar<br><br>**Medisindispensar - Karie**<br>• 25 i bruk i Hornindal og 25 i Volda sentrum | Karianne |

- Treng ikkje vedtak, berre avtale administrering av heimetenesta
- Kjem ut ein pose til kvart tidspunkt brukaren skal ta medisinar
- Har innebygd ein smarttelefon, gir heimetenesta beskjed om brukaren har tatt den el. ei
- Det er rekna på gevinstar; sparer fem min. sjukepleiarteneste kvar dag pr. brukar. Sparer seg eitt besøk for å ta medisin. Brukaren får besøk likevel, men litt meir fleksibelt
- Enklare for ektefelle, enn å passe på at dei tek medisin

### Somnofy – radarteknologi for å måle bevegelse, digitale tilsyn

- Måler søvn godt, også nytta av idrettsutøvarar
- Volda har 80 stk, der 68 er i bruk på omsorgssenteret, i omsorgsbustad og heimetenesta
- Hjelpemiddel for tilsette, på natt, digital nattevakt
- Viser status på kvart enkelt rom, om nokon søv, ligg i senga og liknande
- Kan brukast til å følge med på søvnen til brukaren; søvnanalyse, pustefrekvens (98 % sikker), infeksjonstilstand, smertetilstand.
- Første parameteren for å sjå endringar i sjukdomsbilete




- Søvnhygiene, medisinendringar, følgje med på effekten, korleis det slår ut ved t.d. ønske om å redusere sovemedisin
- Nattevaktprosjektet viser at vi kan bruke meir av dette
- Tolkinga er algoritmar, kan tolkast på ulike måtar
- Gevinstplan Hornindal, skal jobbast med 31.01.24. Småmålingar, endra arbeidsmåte, mindre inn på romma om natta
- Tilsette føler seg tryggare på jobb, mindre stress
- Kan sette opp varsling til alarmtelefon. Oversikt og direktevarsling på enkeltbrukarar
- *Volda er ei utviklingskommune* saman med leverandøren i Trondheim. Mykje i møter med dei, tek dei med i dialog med personalet, produktet er utvikla med bakgrunn i dette

### Nasjonalt spredningsprosjekt 2022-2024 - digital heimeoppfølging

- Volda er vertskommune for eit nytt prosjekt: *Måling og meistring – digital heimeoppfølging på Søre Sunnmøre*.
- Samarbeid mellom Volda sjukehus, Sjustjerna omsorg, Søre Sunnmøre legevakt
- Prosjektmidlar frå Helsedirektoratet
- Digital heimeoppfølging til kronisk sjuke
- Brukaren har måleutstyr og nettbrett heime, og tek jamleg målingar av t.d. blodtrykk, blodsukker og temperatur
- Målingane blir registrert i ein app som kan lesast av helsepersonell
- Målet er meir kunnskap hos brukaren, oppleving av meistring og tryggleik, oppdage tidleg forverring mv.

| | | |
|---|---|---|
| | **Organisering av velferdsteknologi i Volda kommune**<br>• 2017: Oppstart i Volda, først prosjekt, i ettertid har Karianne Sveen Orvik hatt 60 % koordinatorstilling<br>• Organisert under heimetenesta<br>• Jamlege møter med kommunalsjef<br>• Ikkje fast prosjektgruppe/team<br>• Behov for betre organisering i tenestene, dagens modell for sårbar<br>• Skal ha workshop om dette, etablere ein heilskapleg tenestemodell, korleis involvere tenestene betre<br><br>**Ikos - digital samhandlingstavle**<br><br>• Statistikkmodul for leiarar<br>• Kva oppgåver er utført, kva står att?<br>• Prosjektleiar, seksjonsleiar og koordinator<br>• Prosjektleiar og systemadministrator<br>• Superbrukar<br><br>**Dynamon** – digital turnusplanlegging, folk går ikkje meir enn to nattevakter på rad, lage nye turnusar, legge om turnusen, det er der verdien ligg<br><br>**Drøfting**<br>• Korleis sjå velferdsteknologi opp mot heiltidskulturprosjektet?<br>• Kva satsingar må til?<br>• Verktøy for at folk skal orke å stå i fulle stillingar<br>• Ikos-samhandlingstavle<br>• Større grad av kontroll, meistring, oversikt<br>• Kan nokre verktøy brukast i andre tenester?<br>• Fritt fram å bruke verktøya på ulike nivå<br>• Skule/barnehage; meldingar og akutte situasjonar, ein elev har velferdsteknologi i Voldaskulen<br>• Personvernmessige vurderingar, kva er innanfor/utanfor ift lovverket<br>• Somnofy; sak til kommunestyret om midlar, tiltak for å få fleire overkommelege nattevakter/helgar<br>Sjå også presentasjon frå orienteringa, og heimeside for velferdsteknologi i Volda kommune: https://www.volda.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/fysioterapi-ergoterapi-friskliv-og-hjelpemiddel/velferdsteknologi/ | |
| 2/24 | **Status gjennomføring av Kick-off 2024**<br>Uppheim er bestilt, Osdal leverer lunsj, Styrk riggar salen dagen før, Bente gjer opptak. Program:<br>• *Velkomen og status for heiltidskulturprosjektet* v/Berit Lyngstad<br>    ○ Heiltidserklæring, heiltidsplakatar, prosjektorganisering, oppgåvekartlegging og trivselsarbeidarar v/Ann-Sølvi, Dynamon v/Astrid, utlysingspraksis og rekrutteringsstrategi, permisjonspraksis, Tørn,<br>• *Økonomiske kostnadar og gevinstar ved heltidskultur* v/Leif Moland, FAFO<br>• *Deltidsarbeid og pensjon* v/Siril Solberg Lund, KLP<br>• *Relasjonelle og emosjonelle belastninger i arbeidet* v/Marte Pettersen Lunde, SINTEF | Berit<br><br>Ann-Sølvi<br><br>Astrid |

| | | |
|---|---|---|
| | • *Oppsummering og avslutning* v/Berit Lyngstad<br>○ Fagfokus-konferanse 18. mars 2024 – *Når jobben blir for mye.* Vi ser den i lag på Uppheim. https://fagfokus.no/konferanser/nar-jobben-blir-for-mye/<br>○ Refleksjonsspørsmål:<br>▪ System og rutinar for å handtere relasjonelle og emosjonelle belastningar<br>▪ Kva er det viktigaste vi gjer framover for å jobbe for heiltidskultur? | Berit |
| 3/24 | **Plan for 1. halvår 2024**<br>Ut over gjennomføring av den årlege Kick-off-samlinga i 2024, vil hovudfokus i heiltidskulturprosjektet i 2024 vere tre delprosjekt, der det er sett ned følgjande arbeidsgrupper:<br><br>**Utlysingspraksis og rekrutteringsstrategi**<br>- Helse og omsorg v/Ingunn Gjengedal<br>- Barnehage v/Anita Gaarder<br>- Skule v/Line Homberset<br>- Reinhald v/Wenche Skjærvik<br>- HTV Nito v/Knut Øystein Ekroll<br>- HTV Utdanningsforbundet v/Cathrin Fremmerlid<br>- Personal v/Berit Lyngstad, Bente Vatnehol og Heidi J. Wiik<br>Gruppa vil m.a. ta utgangspunkt i KS sitt verktøy: https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/heltid/utlysning-av-heltidsstillinger/<br><br>**Permisjonspraksis**<br>- Helse og omsorg v/Astrid Dimmen<br>- Barnehage v/Anita Gaarder<br>- Skule v/Tom Erik Bogen<br>- Reinhald v/Wenche Skjærvik<br>- HTV Utdanningsforbundet v/Cathrin Fremmerlid<br>- HTV Fagforbundet v/Robert B. Watne<br>- Personal v/Berit Lyngstad, Bente Vatnehol og Britt Helen Rognstad<br>Gruppe vil m.a. ta utgangspunkt i rapporten frå forprosjektet utarbeidd av Birgitte S. Pedersen.<br><br>**Tørn - nasjonalt læringsnettverk**<br>*Pilot: Bu- og habiliteringsteneste, Kleppevegen (ny pilot)*<br>- Berit Lyngstad, prosjekteigar<br>- Svein Berg Rusten, kommunalsjef helse og omsorg<br>- Reidun Elisabeth Sandnes, avdelingsleiar<br>*Prosjektgruppe* (utvida STIM-gruppe):<br>- Monika Mierzejewska, seksjonsleiar/prosjektleiar<br>- Lars Kåre Vikestrand, verneombod<br>- Torunn Hagen Steinnes, tillitsvald<br>- Nina Kvalen, prosjektmedarbeidar<br><br>I tillegg vil leiarar og STIM-gruppene arbeide vidare med oppgåvekartlegging / ny oppgåvedeling, Dynamon; digital turnusplanlegging mv. | <br><br><br><br>Berit<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Berit<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Berit<br>Svein<br>Reidun<br><br><br>Monika<br>Nina |

| | | |
|---|---|---|
| 4/24 | **Konferanse 18.-19. mars 2024 – Når jobben blir for mye**<br>Prosjektgruppa tenker at emosjonelle og relasjonelle belastninga også kan vere ein hovudårsak til at mange vel å jobbe redusert. Vi ønsker å følge opp tema ved å invitere STIM-gruppene i helse og omsorg, skular og barnehagar til digital konferanse måndag 18. mars: Når jobben blir for mye: [https://fagfokus.no/konferanser/nar-jobben-blir-for-mye/](https://fagfokus.no/konferanser/nar-jobben-blir-for-mye/)<br><br>Konferansen går over to dagar:<br>Dag 1: 18. mars: Ordinær konferanse med innlegg frå dyktige fagfolk<br>Dag 2: 19. mars: Kurs med krisepsykolog Rikke Høgsted<br><br>Dag 1: Vert lagt opp til å sjå saman. Uppheim er bestilt<br>Dag 2: Deltaking må vurderast av leiarane<br><br>Begge dagane vil vere digitalt tilgjengeleg for oss i 4 veker etterpå | Berit<br><br><br><br>Nina |
| 5/24 | **Framdriftsplan, møter i 2024**<br>- 18.01.24: Prosjektmøte; velferdsteknologi, kick-off, plan 2024<br>- 07.02.24: Kick-off 2024; samling heile dagen<br>- 07.03.24: Prosjektmøte; Evaluering Kick-off, Tørn, konferanse 18.03.24 | <br>Berit<br><br>Nina |
| 6/24 | **Neste møte**<br>Torsdag 07.03.2024 kl 08:30-11:30, Volda rådhus, Dalsfjorden 1.etg.<br>Det er sendt innkalling i kalenderfunksjonen. | <br>Nina |